



Karstein Jonas Stene
Hellebakken 3
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3633 - 15/32541

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
20.10.2015

Søknad om deling, førebels svar - Gbnr120/6-9 Tyborgøy

Lindås kommune har motteke dykkar søknad 15.10.2015.

Av søknaden går det fram at de ynskjer å dele frå tunet og naustet som høyrer til denne eigedommen, og de vil eige dei frådelt eigeedommane sjølv.

Av søknaden går det ikkje fram kva som er grunnen for dette tiltaket. Det går heller ikkje fram kva som skal skje med resteigedommen.

Dersom det vert gjeve løyve til deling slik det vert søkt om, vil dei frådelt parsellane i prinsippet ikkje lenger høyre til resteigedommen, sjølv om det eventuelt i første omgang er de sjølv som skal eige begge. Hovudbruket må difor gje vegrett over sin grunn for dei nye frådelt eigeedommane. Dersom det er naudsynt må bruket og gje rett til vatten og kloakk dersom desse må førast fram over bruket sin grunn. Erklæringar om slike rettar frå hovudbruket, må leggst fram før kommunen kan gje løyve til deling.

Dersom det vert gjeve løyve til deling, vert då resteigedommen utan bygningsmasse, og vil resteigedommen framleis ha naust og rimeleg tilgang til sjø?

Kommunen vil vente på svaret frå dykk på desse spørsmåla, før saka vert handsama:

- Kva er grunngjevinga for tiltaket
- Kva skal skje med resteigedommen
- Frådelt parsell må få vegrett og rett til kloakk og vatn
- Vil det etter deling framleis vere bustadhus, løe og naust på resteigedommen?

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Karstein Jonas Stene

Hellebakken 3

5039

BERGEN